

Mykje fint på garasjesal i Korsnes.

08.10.2016



Mykje fint på salg hos Taranger.

I dag mellom kl.12 og 18 er det garasjesal/loppemarknad i Syne 25 i Korsnes. Det er etterkomarane etter Tove og Kjell Taranger som har salget. I huset er det framsett mykje både fint, verdfullt og nyttig som er til salgs. Til og med huset kan ein få kjøpt om nokon kjem med det rette bodet.



[Dottera Nina og barnebarnet Mia i arbeid. Legg merke til den flotte seksjonen i bakgrunnen.](#)

I huset som ligg vakkert til i indre delen av Korsnesfeltet med utsikt både innover mot Melderskin og ut fjorden, var det fylt opp meg mykje interessant og fint. Kundestraumen var jamn og stabil, men ikkje større enn at dei fekk god oversikt over kva som var til salgs.

- Her er alt som trengs i eit hus samla opp gjennom 50 års ekteskap, sa ein av sønene og la til at til og med huset med den fine utsikten kunne ein få kjøpa om det rette bodet kom.

Mykje fint var det til rimelege prisar, - alt frå antikvariske skattar til flotte bruksting som framleis stod i innpakningen. Mykje av det var det sett pris på, medan dei inviterte til å koma med bod på nokre store og verdfulle ting. Mulighetene for å gjera gode kjøp var det i alle fall. Salget varer til kl.18 i kveld så det er berre å nytta høve til å ta turen.



[Er det nokon som er interessert i eit utstoppa hjortehovud?](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland